

oseana

KUNST & KULTURSENTER

Årsmelding 2021



Griegsamlingen 2021



KUNST & KULTURSENTER

oseana

Styrets melding 2021

I likskap med resten av verda, har pandemien snudd det meste på hovudet for Oseana også i 2021. I Noreg har kultursektoren vorte spesielt hardt ramma av dei tiltaka som har vore innført for å begrensa smittespreeiing. Både omfanget av slike tiltak og endringar undervegs i løpet av året, har gjeve store utfordringar for drifta av kunst- og kultursenteret i 2021. Styrets melding er på bakgrunn av dette ganske lik året før.

Kultusektoren i Noreg har mått handtere konsekvensane av pandemien i hovudsak ved hjelp av to verkemiddel: nedstenging med permittering av tilsette, og maksimal bruk av offentlege støtteordningar. Også for Oseana ville dette vore einaste moglegheit for å kompensere for det bortfall av inntekter nedstengingane medførte i 2021. Ettersom Oseana er organisert som eit kommunalt føretak, har permittering av tilsette ikkje vore aktuelt. Av same grunn har enkelte av dei statlege økonomiske kompensasjonsordningane ikkje vore tilgjengeleg for vår verksemd. Trass i desse spesielt forverra rammebetingelsane i 2021, er styret svært godt nøgd med å kunne leggje fram eit økonomisk resultat i overskudd. I tillegg er styret spesielt glad for at aktivitetar retta mot publikum, har vore på eit så høgt nivå som mogleg innafor dei avgrensingane vi har hatt. Begge desse forholda er, etter styrets meining, eit resultat av den store innsatsen heile administrasjonen har lagt ned i løpet av kriseåret.

Styret har registrert at kommunens økonomiske situasjon framover, gjer det naudsynt med innsparingar på ei rekke område. I samband med dette, har vi oppfatta synspunkt også på dei kommunale overføringane til Oseana. Styret har starta arbeidet med ei brei utgreiling om Oseanas økonomiske fundament, samt moglegheiter og utfordringar for endringar i dette fundamentet framover. Vi håpar med dette å gje kommunen eit best mogleg grunnlag for sine framtidige økonomiske avgjerder knytt til Oseana.

Styret vil takka Bjørnafjorden kommune, sponsorar, leigetakrarar, artistar, frivillige og brukarar av senteret for samarbeidet gjennom 2021. Ein spesiell takk til Per Grieg Sr / Grieg Foundation og Alutec AS for uvurderleg støtte. Heilt frå oppstarten i 2011 har Oseana hatt ein stab som har strekt seg svært langt for å nå senteret sin ambisjon om å vera ”**eit hus for opplevelingar**”. Styret vil retta ei stor takk til staben og daglig leiar, som i kraft av sine kvalifikasjonar og gode samarbeidsevner har levert eit resultat med særhøg kvalitet både kunstnarisk og driftsmessig i dette annleisåret.

Styret Oseana KF



Jarle Bernhoft hausten 2021

OSEANA SI UTVIKLING

Driftsåret 2021 har grunna den pågåande COVID 19 pandemien vore prega av nedstenging, avlysingar og redusert kapasitet. Sjølv om hausten 2021 starta bra, har senteret i likskap med 2020 brukt mykje tid på starte opp og stenge ned, samt vore kreative til å finne alternative måtar å fremje kunst og kultur til samfunnet rundt oss på. Vi veit at møte mellom menneske, gode samtalar og fellesskap er noko vi alle treng i kvardagen. Sidan mars 2020 har vi blitt beden om å isolere oss, jobbe heimefrå og ikkje delta på aktivitetar. Då spelar kulturlivet ein viktigare rolle enn nokon gong.

Oseana sitt primære formål er å vere eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vere ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturytringar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera "***et hus for opplevelingar***" for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikle Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadskommune. Det er gledeleg at vi registrerer jamt besök frå heile fylket.

Også i 2021 har alle kulturscener hatt ei avgrensing av publikummarar i salen, meteravstand og også ei rekke bestemmelser i forhold til restaurantdrift. Dette har sjøvsagt negativ effekt, men saman med statlege støtteodningar, som stimuleringsordningen, har det også i år ført til at vi lettare har fått tilbod om artistar vi i eit normalt år måtte ha kjempa meir om, då i konkurranse med større hus i regionen. Høgdepunkt våren 2021 var to konserter med stjernekopanisten Leif Ove Andsnes i april.



KUNST & KULTURSENTER

Oseana

Som aktivitetsanalysa vil vise, er det framleis stor tilbakegong i billettsal og besøkjande frå 2019. Tala viser likevel framong, og tala og aktiviteten er betydeleg betre enn fjaråret.



OseanaLIVE profil frå 2021



Streaming av Bjørn Eidsvaag til institusjonar 2021

OseanaLIVE

I 2016-2017 etablerte Oseana prosjektet OseanaLIVE, der vi strøymer framsyningar frå Oseanasalen til sjukeheim, sjukehus og andre institusjonar, der det bur menneske som av helsemessige årsaker ikkje har høve til å gå på konsert. Dette er ei gāve frå oss, artist og Kavlfondet. I 2021 gjekk tilbodet ut til over 1 000 helseinstitusjonar i heile Noreg. Vi veit at over 400 av desse har følgt sendingane våre ein eller fleire gongar. Vi har også sendt ei rekke reprisesendingar i dei periodane kor huset har hatt lav aktivitet.

Vi har totalt sendt åtte konsertar med til saman om lag 15.000 unike sjårarar. Fordelt på om lag 400 institusjonar i 110 kommunar og 11 fylke.



Bright crew – OseanaLIVE



Kunst – Griegsamlingen og Galleri Hvelvet

Til saman vart det 11 forskjellige utstillingar i Griegsamlingen og Galleri Hvelvet i 2021, med om lag 5700 besøkjande. Dette er ei svak auke frå året før. I tillegg hadde vi til saman 8 andre kunstrelaterte arrangement, som foredrag og omvisningar. Spesialomvisningane for menneske med demensdiagnose er talde med her.



Lars Elling frå Griegsamlingen



Kai Fjell frå Griegsamlingen



Lul Krag frå Griegsamlingen

Griegsamlingen er ein kunstskatt i Bjørnafjorden kommune som er eigmend til Grieg Foundation, og forvalta av Oseana. Den består av over 400 verk som skapar rullerande utstillingar i Oseana, ofte i samarbeid med andre institusjonar eller kunstnarskap. I 2021 hadde vi heile 5 utstillingar, der ei var i samarbeid med Bergen og Bjørnafjorden kulturskule, samt ei som hadde fokus på ordførarportrett i kommunen. Gjennom fleire foredrag med både vår eigen kurator Jørgen Larsson, og Renate Rivedal, har vi løfta fram ulikt fokus i samlinga gjennom året. Dette har vore særsvellykket.

Griegsamlingen er fundamentet for husets eksistens, og saman med programmet i Galleri Hvelvet, er den eit strålende utgongspunkt for å utvikle Bjørnafjorden vidare som kunstcommune.

I Galleri Hvelvet kan vi trekke fram den anerkjende kunstnaren Arvid Pettersen. Hausten 2021 stilte Oseana ut nye verk, medan KODE hadde ei retrospektiv utstilling omrent samstundes. Dette gav ein fin effekt for kunstnar- og utstillingsinstitusjonane. Vi hadde også ei utstilling med kunstnaren Mahlet Ogbe Habte, med tittelen Screaming Blood. Opningsarrangementet vart her ei performance. Ei rituell framføring av den Etiopiske komponisten Saint Yared (505-571 e.kr.) sine musikalske verk, som utstillinga var basert på. Seremonien blei utført i samarbeid med den Etiopisk Ortodokse søndagskulen St Michel Menighet i Bergen.

Vi har også hatt fleire kunstnarsamtalar i samband med opningar, noko vi opplever er godt besøkt.



Hvelvet 06.3 -11.12 2021 – Jim Darbu



Berekraftsfokus

I 2021 har Oseana vidareført fokus på sin miljøprofil. Vi ønskjer å vere eit foregangshus på berekraft. Vi har eit teknisk avansert bygg, med eit solcellepanel på 540 kvm og eige varmepumpeanlegg i kjellaren. Gjennom fokus på energisparing har vi i 2021 brukt ca 3% mindre energi enn i 2020, og heile 25% mindre enn i 2016. Oseana etablerte i 2021 miljøprofilen Framtid i samarbeid med blant andre Klimapartnere Vestland og Bjørnafjorden Næringsråd. Det var to dagar med fokus på sirkulærøkonomi gjennom foredrag og folkefest. Vi gjentar dette i juni 2022, og inkluderer fokus på elbåtar.

Oseana er stolt samarbeidspartner med Miljøfyrtårn og Klimapartnere. Vi søker fortrinnsvis etter leverandørar og samarbeidspartnerar i marknaden, som også tenker bærekraftig.



Informasjon og påverking

Oseana er representert som styreleiar i interesseorganisasjonen Norske Kulturhus. Denne organisasjonen har vore svært relevant i dei nasjonale politiske prosessane i året som gjekk. Vi opplever at Norske Kulturhus saman med mellom anna Virke, Norsk Teater, Orkesterforening (NTO) og Norske Konsertarrangører (NKA), har bidratt positivt inn mot politisk leiing i kulturdepartementet, i råd og høyringar kring dei nasjonale kompensasjon- og støtteordningane som vart utarbeida. For Oseana sin del har dette vore nyttig, både fordi vi set oss sjølv på det nasjonale kartet, men også fordi vi til ei kvar tid er oppdatert.



Bjørnafjordkonferansen 2021



Trygg i Bjørnafjorden 2021



KUNST & KULTURSENTER

OSEANA



Friskunst i Griegsamlingen

Bjørnafjorden kulturskule og Friskunst.

Samarbeid mellom Oseana og Bjørnafjorden kulturskule er viktig. Kulturskulen har betydeleg kompetanse i pedagogikk og kunstfagleg læring. At vårt felles skuleprosjekt Friskunst bidrar til at heile fire skuletrinn får oppleve innhaldet i Oseana, er også noko som er verd å nemne. Dette har vi klart å gjennomføre på trass av pandemien.

For Oseana er det viktig å vere ein god samarbeidspartner med Bjørnafjorden kommune. Vi ønskjer å spele ei sentral rolle i utviklinga av Os sentrumsforening, og samstundes vere ein aktiv pådrivar i arbeidet med å utvikle reiseliv og Bjørnafjorden som destinasjon.



Friskunst med Bernhoft



Friskunst i Hvelvet - Jim Darbu utstilling



KUNST & KULTURSENTER

OSEANA

ØKONOMI - Sjå vedlagt rekneskapsrapport for detaljar.

Årsresultat	2020	2021
Omsetnad	13.677.000,80	21.300.993,31
Brutto driftsresultat	-968.266,66 2	4.207.649,20
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk driftsregnskap	17.107	- 101.028


Den store auka i omsetnad og brutto driftsresultat skuldast to store tilskot frå private sponsorar. Nærare fem millionar er gjeven i 2021 som øyremerka prosjektmidlar i ein periode over tre år.

Oseana KF blei i 2021 tildelt kr 6.565.000,- frå Os kommune. Beløpet inkluderer:

- Husleige for Bjørnafjorden kulturskule
- Tilskot til leige av øvingsrom for faste leidgetakrar: Os Musikkforening, Os Skulekorps og Os Swingklubb.
- Tilskot til lokale lag og foreiningar si leige av konsertlokale i Oseana

Niande heile driftsåret har vore prega av nedstenging, avlysingar og redusert publikumskapasitet i samband med Covid 19 pandemien. Oseana har difor fått ei tilleggsbevilling frå Bjørnafjorden kommune på til saman 250.000. Dette er covid midlar kommunen har fått frå staten.

Kulturdepartementet har utlyst fleire typar økonomiske støtteordningar til kulturlivet gjennom året. Oseana ligg innanfor retningslinjene til stimuleringsordninga, som vi har motteke støtte frå. I tillegg har vi framleis god støtte frå sponsorar og ulike fond, som gjer at vi mot alle odds viser eit rekneskap med eit lite overskot. Investeringsregnskapet syner at det er gjort kjøp av (maskiner) og KLP eigenkapitalinnskot for kr 10.032. Dette er finansiert ved overføring frå driftsregnskapet og bruk av disposisjonsfond.



AKTIVITETANE

- 82 kulturarrangement
- 26 kurs, møte og/eller lukka selskap
- 16 utstillingar og kunstsamtalar i Hvelvet og Griegsamlingen
- 36 kinoframsyningar

Aktivitetsanalyse

Publikumstala viser at vi har hatt eit totalt publikumsbesøk på om lag 40.000 i 2021. Dette er ei dobling frå året før, men framleis halvparten av 2019 då talet låg på om lag 80.000. På kulturarrangement, kino og Griegsamlingen utgjer besøkstala 22.256.

Til kurs og lukka selskap med meir, har vi hatt eit besøkstal på 1043 fordelt på 19 arrangement. Dette står framleis i stor kontrast til 2019, men er også ei dobling frå 2020.

Totalt presenterte Oseana 82 kulturarrangement. I tillegg avlyste eller flytta vi hele 41 arrangement, 33 på våren og 8 på hausten.

Den gode nyheten er at det går framover. Tala er betre enn i 2020.

Dei faste brukarane våre, knytt til undervisning i Os kulturskule og øvingar for medlemmar i frivillige lag og organisasjonar, utgjorde om lag 25.000 besøkande i 2019. I 2021 anslår vi eit tal på om lag 16.000. Tala må sjåast på som estimat grunna covid-situasjonen. I tillegg til dei registrerte besøkstala kjem gjestar i restauranten og andre besøkande.


I 2021 har det vore ein svak nedgong frå 2206 til 1911 kinogjestar. Frå 2019 er nedgongen framleis på over 50%.

Vi har for andre gong i 2021 talfesta OseanaLIVE sine sendingar. Dei viser oss at vi har hatt om lag 15.000 publikummarar på helseinstitusjonar i heile landet. Det er like mange som har kjøpt billettar fysisk, og er såleis ganske interessante tal.


2021 vart fordelt slik:

Kulturbesøkjande - Billettbservice/anna	14645
Griegsamlingen	5700 (anslag grunna gratis inngong)
Kinobillettar	1911
Grupper (Konferanse, event, merkedagar etc.)	1043
Os kulturskule, brukarar	10000 (anslag i høve til elevtal)
Lokale lag og foreiningar, brukarar	6000 (anslag)
Totalt besøk	40999

Antall besøkjande 2021



Samanlikning mellom 2020 og 2021



KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING

Oseana kommuniserer primært mot publikum gjennom:

- Web-side www.oseana.no
- Sosiale medium og nyheitsbrev
- Annonsar
- Elektroniske infoskjermar i Oseana, Osbadet, Amfi Os, Kommunetorget på Rådhuset, Fjordn senter.
- Pressemeldingar /redaksjonelle oppslag
- Plakatar og direkte sal
- Digital marknadsføringsstrategi
- Video

Det har vore vanskeleg å selje billettar i denne tida. Vi har måttet endra måten å marknadsføre og kommunisere på. Til dømes måtte vi fortelje publikum om refusjonsordningar og smittevern på heimeside og i sosiale medium, vi måtte snakke om at vi er open, invitere folk inn til å nytte seg av det vi til ei kvar tid hadde tilgjengeleg – som foajé, gávebutikk og utstillingar. Eit anna viktig aspekt har vore å trygge publikummet vårt i situasjonen. Fortelje om kva for smittervernstiltak vi har, og bemanne opp under arrangement slik at det skal kjennast trygt å vere hos oss.

Vi har valt å ikkje trykka haust og vårprogram i 2021, fordi endringane har kome fort.

ORGANISASJONEN

Tilsette

Oseana kunst- og kultursenter hadde ved utgangen av 2021 følgjande tilsette:

Direktør	Ole Tobias Lindeberg
Arrangementssjef	Berit Steen
Teknisk leiar	Lasse Nordahl Pedersen
Leiar, marknad og kommunikasjon	Veronica S. Halhjem
Arrangementsteknikar	Håkon Skarding
Kurator	Evelyn Holm *
Koordinator kunst	Jørgen Larsson
Koordinator OseanaLIVE	Taija Korhonen**
Resepsjonsansvarleg	Anne Kristine Tøsdal
Resepsjonist	Hilde Bakke
Reinhaldar	Marianne Helland
Servicemedarbeidar helg	Annika Os
Servicemedarbeidar helg	Kristine Øren

*Kuratorstillinga er ei prosjektstilling finansiert av Grieg Foundation.

** Koordinator for OseanaLIVE er prosjektfinansiert gjennom Kavlfondet.

Blant dei fast tilsette er kjønnsfordelinga 65 % kvinner og 35 % menn.

Med unntak av artistar og teknisk personell knytt til gjestande produksjonar, utgjorde den årlege arbeidsmengda i Oseana kunst- og kultursenter 11,5 årsverk, fordelt som følgjer:

Fast tilsette	10,0 årsverk
Ekstrahjelp	1,5 årsverk
Sum	11,5 årsverk

I tillegg kjøper Oseana sal av arrangementstenester frå Oseana kafé og restaurant.

Det er lagt vekt på å skape ei fleksibel og effektiv driftsorganisasjon, med færrast mogleg fast tilsette. I vår region er dette mogleg fordi det finst fleire større kulturarenaer og eit profesjonelt frilansmiljø, som kan yte teknisk betjening til ulike produksjonar. Samanlikna med andre kultur- og konserthus med tilsvarende arrangementsmengde, har Oseana kunst- og kultursenter ein liten organisasjon med relativt stor vektlegging av teknisk kompetanse og sals- og marknadsføringsfunksjonar.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sjukefråvær for dei fast tilsette var i 2021 på heile 13%. Dette kjem av to longtissjukemeldingar.

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar for eigne tilsette i driftsåret 2021. Det er etablert eit nært samarbeid med Bjørnafjorden brann og redning, med fokus på krisehandtering og evakuering. Alle frivillige har fått grunnopplæring. Oseana har eigen tillitsvald og verneombod.



Dei frivillige betyr mykje på Oseana – her saman med arrangementssjef Berit Steen.

Drift av huset

Oseana har nærmere hundre faste frivillige som bidreg stort til både små og store arrangement. I staben set vi utruleg stor pris på kvar og ein av desse. Oseana vil nytta høvet til å takka for fantastisk innsats i året som gjekk.

Alle arrangementa blir avvikla ved hjelp av faste årsverk, samt innleidd personell. I helgane har vi eigne helgevaktar som tek hand om resepsjonen. Vi har òg hatt behov for å leiga inn riggehjelp til ulike produksjonar, og vi har eige ungdomspersonell som avviklar kinodrifta.

Styresamansettning:


Styret i Oseana kunst- og kultursenter hadde i desember 2021 følgjande samansetting:

<i>Styremedlem</i>	<i>Personleg varamedlem</i>
Gert Atle Gundersen (leiar)	Anita Lindvik Hjelle Sævareid
Daniel Skotheim (nestleiar)	Ruth Elin Midtbø
Petter Snare	Terje Raunsgård
Susan H Askvik	Jeanett Kallekleiv
Veronica Halhjem	Lasse Nordahl - Pedersen
Liv Kolle-Holmefjord	Vigdis Øvreeide
Vidar Bratlund-Mæland	Otto Lyssand

Styret har gjennomført 5 møter i 2021. Det vart samla utbetalt kr. 53190,- i styrehonorar.

Dagleg leiing

Føretaket sin daglege leiar har vore Ole Tobias Lindeberg



Styremedlemmar signatur

Gert Atle Gundersen (leiar)


Gert A. Gundersen (Mar 28, 2022 14:47 GMT+2)

Petter Snare



Veronica Halhjem


VERONICA VERONICA (Mar 24, 2022 14:16 GMT+1)

Vidar Bratlund-Mæland


Vidar Bratlund-Mæland (Mar 28, 2022 15:59 GMT+2)

Ole Tobias Lindeberg

Direktør


Ole Tobias Lindeberg (Mar 29, 2022 09:24 GMT+2)

Os den 10.03.2022

Daniel Skotheim (nestleiar)


Daniel Skotheim (Mar 29, 2022 08:29 GMT+2)

Susan H Askvik



Liv Kolle-Holmefjord


Liv Kolle-Holmefjord (Mar 28, 2022 21:48 GMT+2)



KUNST & KULTURSENTER

oseana

Tusen takk til våre samarbeidspartnar:



Kavlifondet

O. Kavli og Knut Kavlis Allmennyttige Fond

**BJORNA
FJORDEN**



KOMMUNE



KUNST & KULTURSENTER

oseana